


Bok på 1-2-3

Månen som ville lyse som ei sol

Av Elin Grimstad



Undervisningsopplegg for barnesteget i faga norsk, naturfag, samfunnsfag og kunst og handverk.

Tid: 90 minutt (pluss eventuelt etterarbeid)

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skjermvisning i klasserommet
- Leite fram konkretar:
 - Ein globus
 - Ei sterk lyskjelde (sola)
 - Ein liten ball (månen)
- Lydspor:
 - Romeo and Juliet, No. 13 Dance of the Knights av Prokofiev
 - Valse Caprice av Daniel S. Wood
- Leite fram filmar om desse emna:
 - Sola, månen og solmørkinga av Elin Grimstad
 - Korleis ei unik biletbok vart til av Det Norske Samlaget
 - Om sol og stjerner, Kråkeklubben NRK Super
 - Planeter og avstander, NRK skole
 - Månen, NRK
 - Den glødende sola, NRK
 - Tidevann - høyvann og lavvann, NRK

Det står ingen sidetal i boka, så i opplegget refererer vi til oppslag. Oppslag 1 er det første oppslaget etter tittelbladet.

Formål

Norsk

- Gje uttrykk for eigne tankar og opplevingar av litteratur
- Fremje leselyst

Naturfag

- Skildre og illustrere korleis jorda, månen og sola rører seg i forhold til kvarandre

Kunst og handverk

- Bli kjend med arbeidsprosessen bak boka
- Impulsar til estetisk aktivitet og uttrykk i biletforteljing

Samfunnsfag

- Gje døme på korleis menneske meiner ulikt, at møte mellom ulike menneske kan vere både gjevande og konfliktfylte, og samtale om empati og menneskeverd
- Drøfte oppfatningar kring likeverd

1 Før lesing

(45 minutt)

Vi skapar forventning og får fram førkunnskapar. Elevane kan gjerne drøfte med ein læringspartner. Vi gjev elevane snakketid til spørsmåla.

Framsida av boka på skjermvisning.

Samtale om forfattaren og hennar motivasjon for arbeidet med boka.

Spørsmål

- Kva er tittelen på boka? (Månen som ville lyse som ei sol)
- Kven er forfattaren og illustratøren? (Elin Grimstad)
- Kva er ein forfattar? (Ein forfattar skriv bøker og andre tekstar)
- Kva er ein illustratør? (Ein som lagar eller tek bilete som uttrykkjer eit budskap eller ein idé. Det kan vere til dømes ei teikning eller eit foto)
- Kva fargar er brukte på framsida av boka? Kvifor trur de desse fargane er valde? (Gult som lyset. Det fargerike i planter og natur. Mørk fiolett, grønt, brunt og svart for det dunkle og mørke, mystiske. Fargane skildrar dag og natt, det gode og det vonde, det glade og det triste/sinte)
- Kvifor er det to sakser på forsida? (Antydning at Grimstad har klipt ut alle figurar og miljø i illustrasjonane)



Elin Grimstad er forfattar og illustratør. Ho er fødd i 1976 og er frå Giske i Møre og Romsdal. Ho bur og arbeider i Oslo, og har utdanning i animasjonsfilm og skriving for barn. Utdanninga si har ho frå både Noreg og Storbritannia. Ho har til no jobba mest med animasjon og illustrasjon (bilete) i møte med figurteater. *Månen som ville lyse som ei sol* er den første boka hennar.

Spørsmål

- Kor er Giske i Møre og Romsdal? (Det er ein øykommune nordvest for Ålesund)
- Kva er animasjonsfilm? (Det er stillestående bilete som går i eitt utan avbryting. Vi får eit inntrykk av liv og rørsl)
- Kor er Storbritannia? (Det er eit kongedømme i Vest-Europa. Det omfattar England, Wales, Skottland, Nord-Irland og den nord-austlege delen av øya Irland)
- Kva er figurteater? (Det er eit samlenamn på ulike teaterformer med dokker eller levande skodespelarar. Har vekt på scenografi og materialbruk)

1 Før lesing (framhald)



Korleis har Grimstad fått til å lage bileta? Ho har brukt ein teknikk som er mest vanleg i animasjonsfilm. Ho har klipt ut alle figurar og miljø, og plassert dei på eit stort glasbord. Glasbordet er 2,5 meter høgt, med 10 eller 12 glasplater mellom seg. Ho lyslegg glasbordet, og deretter fotograferer ho.

I filmen *Korleis ei unik biletbok vart til* kan du sjå korleis biletboka vart laga: https://www.youtube.com/watch?v=7JmKUHOYL_o

Har elevane spørsmål eller kommentarar til filmen?



Samtale om forsida på boka.

Månen

Kva veit du om månen? Samtale med læringspartnar. Snakketid.

Månen er jorda sin einaste naturlege satellitt. Han er den femte største månen i solsystemet. Solsystemet omfattar éi stjerne – Sola – dei åtte store planetane med månar, dei fem dvergplanetane og mange asteroidar, kometar og meteoroidar, støv og gass.

Vi ser filmen *Planeter og avstander*.

https://www.nrk.no/video/PS*4468 (peikar aktiv 05.04.19)

I boka er månen trist, misunneleg og bitter. Kvifor det? Kva skjer?

Forsida i boka:

- Kor er månen? Kva gjer månen? (Han står til venstre på utsida av biletet/titteskapscena. Han har på seg skurkekostyme, ser sint ut og skjermar seg for sola)
- Kvifor ser månen sint ut? (Her kjem det sikkert mange forslag. Ingen forslag er feil. Når de har lese boka, kan de gå tilbake til dette spørsmålet. Då vil kanskje nokre elevar foreslå at månen kjenner seg mindre viktig enn sola. Dette bør ikkje læraren foreslå her dersom det ikkje kjem frå elevane sjølve)
- Kvifor har månen på seg svart kappe og maske? (Her undrar vi oss saman)

Vi ser filmen *Månen*.

https://www.nrk.no/video/PS*4466 (peikar aktiv 05.04.19)

Har elevane spørsmål eller kommentarar til filmen?

Sola

Kva veit du om sola? Samtale med læringspartnar. Snakketid.

Sola er ei glødande kule av gass. Ho er den nærmaste stjerna til jorda. Ho bur i Mjølkevegen. Sola strålar ut store mengder energi som er grunnlaget for alt liv på jorda. Planetane i solsystemet går i bane rundt sola, så ho er verkeleg så populær (dette kan de til dømes dramatisere).



1 Før lesing (framhald)

I boka:

- Kor er sola? Kva gjer sola? (Ho skin i kulissene på himmelen i titteskapteateret. Ho strålar og er tilfreds)
- Korleis ser sola i boka ut? Tru om sola er snill? (Sola er til inspirasjon og glede for mange. Sola er blid, sjølvsikker, sterk, populær og upåverkeleg. Ho er noko sjølvoppteken og glad i merksemd, men er glad i å vere saman med andre. Der sola er, er det liv og røre)

Vi ser *Den glødende sola*.

https://www.nrk.no/video/PS*4492 (peikar aktiv 05.04.19)

Har elevane spørsmål eller kommentarar til filmen?

Solformørking

Elin Grimstad er interessert i forholdet mellom sol og måne. At den vesle månen kan klare å skugge for den gigantiske sola i ei solformørking, tykkjer forfattaren er utruleg.

Proposisjonane passar slik at månen sin avstand frå sola og jorda, samt storleiken på månen, gjer at han akkurat klarar å skugge for sola – det er underfullt. Forfattaren undrar seg; kan noko eller nokon stå bak? Kva trur elevane? Samtale og refleksjon tverrfagleg.

Det blir solformørking når månen passerer mellom jorda og sola, og månen kastar skugge på jorda. Ved total solformørking er heile solskiva dekt av månen sett frå jorda. Dette hender sjeldan, fordi då må sola, månen og jorda stå heilt på linje. Måneformørkingar skjer når jorda kjem mellom månen og sola slik at månen kjem inn i skuggen til jorda. Forståinga kan utviklast ved bruk av dramatisering, modellar og simuleringar. Til dømes ein modell som gjer bruk av ein globus, ei sterk lyskjelde og ein liten ball som kan representere månen.

Vi ser animasjonsfilmen *Sola, månen og solmørkinga* av Elin Grimstad.

<https://www.youtube.com/watch?v=DYym--WzHoQ>

(peikar aktiv 01.04.19)

Har elevane spørsmål eller kommentarar til filmen?



2 Lesing og litterær samtale

(45 minutt)

Les boka

Les heile boka *Månen som ville lyse som ei sol* for elevane med vising på skjerm.

Litterær samtale om boka

Når de har lese gjennom boka, gjennomfører de ein litterær samtale i klasserommet der elevane får samtale om og bidra med eigne tankar om innhald og form i biletboka.

Forslag til samtalepunkt:

- Vis bilete av månen som sit i utkanten av der stjernene leikar, oppslag 1.
 - Korleis kan vi sjå at månen er trist? (Auga er triste, munnen peikar nedover, han sit samankroppen i skuggen for seg sjølv)
 - Er det noko på biletet som seier oss at månen er utanfor leiken? (Mange stjernar, sjødyr og insekt leikar i og ved vatnet til venstre i biletet)
 - Kva gjer månen? (Han skriv dikt)
- Vis bilete av sola og livet om dagen og månen og livet om natta (oppslag 2).
 - Korleis er livet om dagen? (Leik og liv, lys og glede)
 - Korleis ser andleta til stjernene og dyra ut om dagen? (Glade, livlege, oppspilte)
 - Korleis ser andletet til sola ut? (Salig)
 - Korleis er livet om natta? (Stille, roleg)
 - Korleis ser andleta til stjernene og dyra ut om natta? (Tenkjande, usikre, drøymande)
 - Korleis ser andletet til månen ut? (Trist)
- Vis biletet der månen undrar seg over kvifor alt blir stille når han kjem (oppslag 3).
 - Kva gjer månen om dagen? (Han sit i skuggen og grublar)
 - Kva gjer månen og stjernene når det blir kveld? (Stjernene avsluttar leiken og går heim. Månen har handla mat og går tungsindig gjennom skogen)
- Vis bilete der det er kveld. Det lyner, det lyser i auga til katten, månen lyser i tjernet (oppslag 4).
 - Kva tykkjer du er fint med månen? (Månen styrer tidevatnet, flo og fjøre. Vi ser ein film som forklarar dette: Tidevann – høyyvann og lavvann https://www.nrk.no/video/PS*5562 (peikar aktiv 05.04.19))



2 Lesing og litterær samtale

(framhald)

- Vis bilete der sola dansar og sjonglerer alt på bordet (oppslag 5).
 - Kva seier sola til månen? (Ho seier at månen skin berre på grunn av henne. Ho kallar han ein fargelaus stein)
 - Korleis trur du månen har det? (Han ser stressa, trist og sint ut)
- Vis bilete der månen blir uroleg og sint. Tidevatnet går opp og ned i flo og fjøre. Havet bølgar (oppslag 6).
 - Kva musikk tykkjer du høver til desse bileta? (Uroleg, rask musikk. Mørke tonar. Til dømes «Romeo and Juliet, No. 13 Dance of the Knights» av Prokofiev)
- Vis bilete der sola dansar lett over kleda på ei snor (oppslag 7).
 - Kva musikk tykkjer du høver til dette biletet? (Glade, lette tonar. Til dømes «Valse Caprice», Daniel S. Wood)
 - Kva gjer stjernene på biletet? Korleis ser dei ut? (Glade, kontaktsøkjande mot sola, leikande)
 - Kva gjer månen på biletet? Korleis ser han ut? (Tynn og liten. I skuggen av sola)
- Vis bilete der sola fortel om solsystemet (oppslag 8).
 - Kva seier sola til månen? Korleis opplever ein vonde ord? (Ho seier at månen er så liten at ingen ville merke om han var vekk. Månen kjenner seg liten og grå)
- Vis bilete og les oppslag 9 og 10.
- Vis bilete der månen legg ein plan og utfører han (oppslag 11).
 - Kan du beskrive kva som skjer? (Månen arbeider raskt. Han er innom matematikk, astronomi og naturfag. Han kastar alle dei triste orda og dikta han tidlegare har skrive. Han utfører ei måneformørking)
- Vis bilete der både månen og sola oppdagar at dei har teke feil og blir forsona (oppslag 16 til 18).
 - Kva skjer?
 - Korleis kjennest det å innrømme feil? (Ein pustar rolegare, det kan kjennast som ein gjev slepp på ei tung bør til dømes).
 - Kvifor treng sola månen? (For å spegle lys når det er natt)
 - Kva gjer månen om natta? (Han skin. Han vekker draumar i måneglans)
- Vis bilete der månen har funne fred og sola kosar seg med dikt-samlinga til månen (oppslag 19).
 - Korleis har månen og sola det no? (Begge har funne fred og trivsel i seg sjølv og kvarandre. SLUTT – med glad ending)



Til samtale og refleksjon.

Månen blei bitter på sola. Kva er å vere bitter? Det kan vere ei kjensle mellom sint og trist. Den kjensla kan kome av å kjenne seg urettvist behandla. Ein kjenner seg kanskje makteslaus og ikkje lytta til. Kanskje når ein ikkje eit viktig mål som ein har jobba mykje for. Ein kjenner seg skuffa og byrjar å gruble. Kanskje kjenner ein seg eller er einsam.

Kva var det som gjorde at månen blei tilfreds? Sola forstod til slutt at månen kjende seg mindre verd enn henne. Ho kjente empati for månen, og sa også at ho hadde handla urett mot månen. Dei bad kvarandre om tilgjeving, og innrømde sine feil. Empati er å kunne leve seg inn i, ha evne til å sjå og forstå, respektere, andre menneske sine kjensler og reaksjonar.

Korleis kjende månen likeverd med sola? Kva skjedde? Kva er likeverd? Likeverd og menneskeverd er eit verdisyn som seier at alle menneske har like stor verdi og er verdifulle, trass i det menneskelege mangfaldet og variasjonen vi har i mellom anna eigenskapar.

Kjelder

Store norske leksikon

Naturfag.no



Innhald og tema: Papirklippe-verkstad. Vi forvandlar papir til kunst og får innblikk i arbeidsprosessen som ligg bak boka.

Rammefaktorar: Alle elevane får utdelt tre farga papirark i storleik A4 (helst sterke fargar). Eitt kvitt papirark i storleik A3. Saks og lim.

Mål: Gi impulsar til nye estetiske aktivitetar og uttrykk i biletforteljing.

Arbeidsmetode:

- Å fortelje om Matisse.
 - Som gamal mann byrja Matisse å klippe i staden for å male. Matisse sat då i rullestol. Han elska å klippe og sa han kjende seg som eit barn igjen. Han laga store, fargerike og leikne bilete (vis gjerne bilete av nokre av klippebileta hans) og planla ikkje kva han skulle klippe (demonstrer korleis ein snurrar på arket når ein klipper).
 - Matisse måtte bruke fantasien. Her er ein parallell til månen som reflekterer lys og minner oss om draumar og fantasi. Hald opp fantasifiguren du har klipt og la elevane seie kva dei tykkjer han liknar på (ei ku, ei sky, ein drake, ein sko ...).
- Elevane får i oppgåve å klippe ei form utan å tenkje etter kva dei klipper. Læraren tel til tre. Alle må ha saks ferdig i papiret: Klar, ferdig, gå! Dei fleste blir overraska over kva dei har klipt ut.
- Deretter klipper vi det andre farga arket og til sist det tredje. No har elevane tre figurar som dei kan legge på det kvite A3-arket og bruke fantasi for å finne ut kva det kan bli (ikkje lim fast før alle bitar og detaljar er klipte ut).
- Så startar dei med å legge til detaljar på figuren: Auge, munn, prikkar og liknande på dei ulike farga arka.
- Til slutt, når det er om lag 15 minutt att av timen, får dei lov til å lime alle delane på arket. Er det ikkje flott og overraskande det borna har skapt?

Elin Grimstad hadde erfart at mange elevar har lite røynsle med å bruke saks. Med denne aktiviteten vil borna sjå at alle kan lage eit kunstverk. Det er viktig at alt som skal vere med på biletet, vert klipt ut før det vert limt. Som lærar kan du med fordel vente med å dele ut lim.

